



Arbeidet med oppgradering av Uskedal sekundærstasjon på Nedre Fet er inne i sluttfasen. Før helga vart alt utomhusareale asfaltert.

Arbeidet med å slutføra oppgraderinga av Sekundærstasjonen på Nedre Fet er inne i sluttfasen. Fram til helga vart plassen grusa og asfaltert. Byggservice har hatt hovudentreprise. Haugland Maskin har hatt arbeidet med planering og muring. Into Elektro og Into Røyr har også vore underleverandør. Totalt har Haugland Kraft i 2018 investert for 20 millionar kroner på stasjonen i Uskedalen.

Kvinnherad Asphalt ved Sindre Stensletten la asfalt på alle flater rundt huset. Det same vart gjort i tunet til Anne Marie og Geir Eik. Geir Eik som næraste nabo fortel til Uskedalen.no at dei er godt nøgde med arbeidet som er gjort på plassen. Muring og alt utomhusanlegg er fint utført. Det som før kunne vera av lyd frå trafoen, er borte. På alle murkantar er det montert gjerde med stolpar i aluminium.

Sindre Stensletten i Kvinnherad Asphalt og godt nøgd med jobben firma fekk med å leggja asfalt. Det er lagt ut 80 tonn, noko som vert rekna til ein middels stor jobb. Kvinnherad Asphalt har på det meste 6 mann i arbeid. Arbeidet er sesongprega.

Odd Sigve Barane i Haugland Kraft er såkalla praktisk planleggjar. Han er på plassen og ser til at arbeidet vert gjort slik avtalen er. Han fortel at alt elektrisk utstyr er fornya og at den gamle trafoen er erstatta med ny og større. Den gamle vert i desse dagar gjort klar for drift på Fitjar. Fasaden er fornya. Dei flotte steinmurane, utført av Tor Ove Haugland i Haugland Maskin, pyntar opp i landskapet. 66 KV linja frå Indre Matre er på det næraste opprusta med nye stolpar og traversar. 13 punkt står att før alt er oppgradert.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Sindre Stensletten i Kvinnerad Asphalt la ut 80 tonn asfalt i tunet kring Sekundærstasjonen.